



# HDK Nytt

## Klubbkveld

Det vert klubbkveld i Røyra 24 mai kl 18.00

Vi satsar på å vise filmen om den Svenske Rødehavs expeditionen frå 1956. Denne filmen kan sikkert vere artig å sjå for alle. Utstyret på den tida var ikkje heilt etter vår tids standard, og farane i djupet var mange og skræmande.

Vi får sjå mykje frå dagleglivet ombord i dykkebåten, som desse ungdomane gjekk frå Gøteborg til Egypt med, i ei tid det ikkje var so mykje å hjelpe seg med, verken på eine eller andre måten.

Vi vil satse på å ha ein klubbkveld for alle medlemmane med meir eller mindre jamne intervall frametter. Vi tek sikte på å ha litt å selje i kiosken, men det er ikkje sikkert det er so mykje der no i førstninga...

Erlend

## Maritime dagar

Hallo alle sammen! Nå nærmer det seg de fine maritime dager. Helga 15-18 juni. Disse flotte dagene er veldig viktige til å hjelpe på deler av drifta til HDK. Enkelte år har vi klart å få inn nesten halvparten av driftsinntektene på dette arrangementet. Derfor ber vi om at så mange som mulig kan være med å hjelpe til. Det kan være med alt fra loddsalg både før og under dagene til det og stå på standen. Det vi trenger hjelp til er loddsalg og kiosk.

På maritime dagar har klubben en flott mulighet til å vise oss frem, så folk kan få se hva vi driver med i klubben og for en flott gjeng med medlemmer som er med.

Om vi skal klare å stille med en stand i år så trenger vi deres hjelp.

Det gjør ikke noe om listene våre blir fulle av hjelpsomme medlemmer, vi skal finne jobber til alle som vil.

Styret.



Vannsportens dag i Fosnavåg by, med 20gr å ikkje ei einaste sky.

Kan det bli bedre når vi på kaikanten sitter.

fiskeburger i handa og på båtene

titter.

En stor takk til alle som møtte,  
solgte mat, lodd å ga klubben SIN støtte

Hisen styret i HDK

## Båtnytt

Det har ikkje vore den heilt store framgangen med båten vår den siste tida(1/2 året)  
Båten har vore ute på Leinane for å få sett inn motor.

Motoren er no kome inn og vi har fått båten inn att.

Det har vore gjort lite platarbeid no i vinter, mykje på grunn av at det har vore surt  
og kaldt og dei som har vore ivregast har vore veldig opptekne med arbeid og anna.

Dei første planane vi la om båten,  
var at vi skulle take den i bruk no i  
sommar. Dette ser ut til å verte  
hardt å halde, mykje på grunn av  
ekstra arbeidet med å sette inn  
motoren, som er noko større enn  
det vi først tenkte å installere.



## HDK Nytt

Dette skrivet som du no sit å les på, håper vi skal kome nokre gongar i året. Vi satsar  
på å få ut eindel informasjon til medlemmane våre om kva som skjer i klubben. Vi  
som sit i styret føler ofte at det er litt for lite kommunikasjon mellom medlemmane og  
styret. Det har vi tenkt å gjere noko med, ved blant anna å sende ut ein form for  
medlemsblad nokre gongar i året. Vi råder også alle til å sjekke opp Internett sida vår,  
**<http://www.heroy-dykkerklubb.com/>**

Der det ofte vert lagt ut saker som har med klubben å gjere. Logg deg gjerne på og ta  
del i diskusjonane som er der.



## Nettsiden til klubben

For rundt en måned siden fikk  
klubben ny nettside. På denne  
siden har vi fått en del nye  
funksjoner. Blant annet en  
nyheits funksjon som gjer at  
dere kan motta mailer ifra  
klubben med dei siste  
nyheitene ifra klubben. Kor

ofte disse breva blir sendt ut, varierer utifrå aktiviteten i klubben og ting som skjer. Alle medlemmane bør benytte seg av denne tjenesten då det blir enklare å sende ut informasjon til dere samt at klubben sparer masse porto. Ellers so har vi et forum på siden der ting som skjer i klubben samt informasjon om turer og mer blir diskutert.



<http://www.heroy-dykkerklubb.com/>

## Herøydykkarar set rekord

Under dykkerturen til Gulen dykkesenter i vinterferien var vi med på å sette ny Gulen rekord i stampsitting. Deltakarane frå klubben sat i heile 7 timar i stampen, berre avbrotne av korte pausar. Rekorden kunne sikkert ha vore forbetra, men ettersom det byrja å snø valde vi av sikkerhets årsaker å avbryte maratonbadet. Gulenturen inneheldt også masse dykking. Vrak som Solvang og Ferndale/Parat og eit herleg naturdykk i Trollveggen. Stor takk til eit profesjonelt og flott dykkesenter frå oss som var med.

